

**Sakshandsamar:**Eva Solhaug Fosshagen  
E-post: Eva.Fosshagen@sfj.no  
Tlf.: 57 65 62 70**Vår ref.**Sak nr.: 14/603-37  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt**Internt l.nr.**

19045/14

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 18.08.2014

## Vedtak om skuleskyss

Sogn og Fjordane fylkeskommune har innvilga deg skuleskyss på bakgrunn av avstand mellom heim og skule, jf. opplæringslova kapittel 7. Med bakgrunn i dette vedtaket vert du tildelt eit elektronisk skulekort. Det kan også vere eit kommunalt vedtak som ligg til grunn for at du vert tildelt elektronisk skulekort.

Du har rett til fri skuleskyss dersom du bur meir enn 2 km frå skulen når du går i 1. klasse, meir enn 4 km frå skulen når du går i 2.-10. klasse, og meir enn 6 km frå skulen når du går på vidaregåande. Du har rett på skyss uavhengig av lengda mellom heim og skule dersom du er funksjonshemma. Du har også rett på skuleskyss dersom du må reise med båt.

Enkeltvedtaket er gjort på bakgrunn av opplysningar frå din kommune om avstand mellom heim og skule. Avstanden kan endre seg dersom det kjem nye vegar som gjer avstanden til skulen kortare, ved flytting eller byte av skule. Vedtaket om skuleskyss er eit enkeltvedtak og vert gjort av fylkeskommunen. Avstanden mellom heim og skule kan verte kontrollmålt av fylkeskommunen, og vedtaket vert oppheva dersom det viser seg at avstanden ikkje er lang nok til at du har rett til fri skuleskyss. Det er høve til å klage på vedtaket etter forvaltningslova.

Klage på enkeltvedtak som gjeld rett til skuleskyss skal de sende til fylkeskommunen. Klager som ikkje vert tekne til følge, vert avgjort av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, utdanningsavdelinga.

Frist for å sette fram ei ev. klage er 3 veker frå søkjar har motteke enkeltvedtaket, jf. forvaltningslova § 29.

Vedtaket er gyldig så lenge du har rett på fri skuleskyss etter opplæringslova §§ 7-1 eller 7-2.

Ved å ta i bruk det elektroniske skulekortet aksepterer du at Sogn og Fjordane fylkeskommune kan lagre personopplysingar og reiseopplysingar, jf. Bransjenorm for personvern og informasjonssikkerheit i elektronisk billettering.

Personopplysingar som vert lagra er namn, adresse og kortnummer. Reiseopplysingar som vert lagra er opplysingar som oppstår ved bruk av kortet; ved kva haldeplass reisa vert starta, tidspunkt og kortnummeret.

Reiseopplysingane dannar grunnlag for statistikk, ruteplanlegging og dimensjonering av materiell.

Reiseopplysingar vert lagra i maksimalt 104 dagar før dei vert sletta.



Med helsing

Velaug Veum  
fylkesdirektør

Eva Solhaug Fosshagen  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg: Skuleskysskort og brosjyre